



Liten fugl

Claudia Ulloa Donoso

Omsett av Bente Teigen Gundersen

Liten fugl

av **Claudia Ulloa Donoso**

Omsett frå spansk
av Bente Teigen Gundersen, MNO

LES BONES DONES
LATINAMERIKANSK LITTERATUR I NORGE

**LES
BONES
DONES**

Pajarito © Claudia Ulloa Donoso, 2015, 2021
© Les Bones Dones, 2025
Published by arrangement with VicLit Agency

Omsett frå spansk av Bente Teigen Gundersen, MNO

Bokomslag og sats: Cristina Cabanellas, Narrativa Local
Papir: Munken Cream Bookwove 80 g
Trykkeri: Gutenberg Press
Baksidabilete: ©Theo van Hoytema
Fyrste opplag, 2025

 **Kulturrådet**

Utgåva er kjøpt inn av Norsk kulturfond.



ISBN 978-82-693462-3-7
© Les Bones Dones AS, 2025
www.lesbonesdones.no

Liten fugl



Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverklovens bestemmelser. Uten særskilt avtale med Les Bones Dones AS er enhver eksemplarframstilling og tilgjengeliggjøring bare tillatt i den utstrekning det er hjemlet i lov eller tillatt gjennom avtale med Kopinor, Interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale kan medføre erstatningsansvar og inndragning, og kan straffes med bøter eller fengsel.

INNHALD

GJEREMÅL

Liten fugl	10
Marionettist	17
Treverk	19
Framkallingar	22
Tidsfordriv for forfattarar	25
Tredje konjugasjon	31
Livbergar	32

TO MÅ EIN VERE

Ei frå Bollywood	37
Stripe	38
The wrong girl	39
Plante	40
Eloísa	44
To må ein vere	46
Plast	58

HER OG DER

B-menneske	62
Plastilin-tankar	64
Fiskelukt	67
Eg minnest	70
Eg minnest ikkje	73

PLACEBO

Placebo for å unngå	
å blø i hel	78
Å ta hand om	82
Oppfølgingstenesta	85
Tom	88
D.	90

BLOD OG VATN

Symjebasseng	95
Drukna	99
Falanks	103
Blodet kallar	106

Å HÅPE

Ventetid	115
Reise	116

TAKK

KJELDER

118

119

GJEREMÅL



LITEN FUGL

*He loves to sit and hear me sing,
Then, laughing, sports and plays with me;
Then stretches out my golden wing
And mocks my loss of liberty.*
William Blake

Kokorito er ein folkesky og sju kilo tung katt med beksvart pels. Med jamne mellomrom dreg han heim døydande eller alt daude fuglar i den struttande kjeften. Folk seier at kattar kjem heim med daude dyr som ei slags gåve eller eit trofé. Kven veit. Kokorito et aldri fuglane: Han torturerer dei, leikar med dei som leika han med ullballen sin og endar alltid med å leggje dei ifrå seg i senga mi, den staden der eg i det siste har pleidd å halde på med det meste, til og med ete.

Med sine sju liv i Amerika og ni på den skandinaviske halvøya gir Kokorito meg døden i gåve, men eg har gjennomskoda han fleire gonger, og det held inntil vidare.

Stundom trur eg likevel at katten insisterer på at eg burde sjå døden på enda nærare hald, så den ikkje skal tyngje meg slik. Han veit det, for han har som sagt minst sju liv, og må ha mist nokre av dei då han var vekke i over tjue dagar i polarvinteren – og kom attende ein dag, opna vindauget med den høgre poten slik han hadde for vane, drakk litt vatn og la seg til å sove i senga mi i to dagar. Så stod han opp, mjaua og byrja på eit nytt liv.

Eg har også ei kjensle av at Kokorito prøver å gi meg ei unanleg og makelaus gåve og vil at eg skal granske dødskampen til desse små og skjøre dyra, eit gerundium av hjarteslag, pust,

rørsler som brått blir til perfektum for all tid. Kanskje katten gjer seg flid med å få meg til å skjøne og setje pris på (i ordets rette forstand) at akkurat det sekundet då livet tek slutt, er unikt for alle levande vesen og kan aldri skje på nytt.

Når eg finn desse daude dyra, nesten alltid fuglar, pleier eg å hente ein Kleenex eller ein papirserviett og velje nøye ut fargen, som om eg valde ut likklede deira, for så å gravleggje eller gøyme dei mellom tørre lauv og bjørketre. Dersom dyra er i ferd med å døy, pakkar eg dei inn i lett fukta kjøkenpapir og let hovudet stikke fram så dei får puste. Eg held dei varme med hendene mine, tørkar blod av dei, stryk dei over hovudet og prøver å opne nebbet deira.

Linje 2 frå Øvre Hunstadmoen er den einaste som tek meg til Bodø sentrum, og bussen går nøyaktig kvart tjuesjuande minutt frå klokka seks om morgonen. Eg kjem alltid for tidleg til avtalane, eller i motsett fall – viss eg misser bussen, kjem eg alltid for seint.

I dag går eg mot stoppestaden Øvre Hunstadmoen akkurat i tide til å kome tidsnok til sentrum, og får auge på ein døyande fugl som ligg gøymd i ein krok i gangen, like ved der eg set frå meg vesker og hengjer opp jakker når eg kjem heim. Eg greier ikkje gå ifrå han og berre la han liggje der og døy, men eg kan heller ikkje kome for seint til bussen. Eg går inn på kjøkenet, vøter tørkepapir i lunka vatn, tek opp fuglen og legg han i høre lomma på kåpa. Så spring eg ut.

Då eg går om bord i bussen, ser sjåføren at eg berre brukar venstrehand, at eg strevar med å opne veska og ta fram lomdeboka for å betale for billetten. Han ser også kor klønete eg brukar den handa og bit seg merke i at eg har den andre i kåpelomma. No skjønar han at eg har noko på gang, noko eg har gøymt i den høgre lomma: ein kniv, ein telefon, den kalde

knyttneven min eller kven veit; kanskje han er klar over at eg har ein fugl som held på å døy der, eller ein fugl som alt er daud.

Nordmenn pleier å ta av seg ytterklede så snart dei kjem inn i eit lukka rom, for det står varme på overalt. Viss det er hos kjensfolk, tek dei ikkje berre av seg ytterjakka, men skoa òg. Kleshengjarane er stappfulle av kåper og jakker som svære mannfolk med hanskar og huer. Andre ytterklede heng på veggene i ei knaggrekkje, ei rad med hengjande, hudfletta menn og kvinner, daude som heile og flådde skrottar på eit slakteri.

På eit jobbintervju til stillinga som prosjektrådgjevar i kulturavdelinga er det eit dårleg teikn å ikkje ta av seg ytterklede når ein kjem inn på kontoret og helsar på intervjuaren, for det syner nemleg at du ikkje er ein open person, at du har ei rustning med fleire lag under som intervjuaren ikkje kan sjå, men som han kanskje kan førestille seg. Viss du ikkje tek av deg ytterklede, vil han som intervjuar deg kunne sjå for seg alle laga i personlegdomen din, til han finn ut kva farge det er på behåen du har på deg, og det er ikkje sikkert at han ser for seg eigenskapar og behåar som er passande for å gi deg jobben. Med den rustninga presenterer du deg som eit beltedyr, ei skjelpadde eller eit piggsvin som ikkje kommuniserer med andre, som gøymer hovudet og syner piggane, rører seg sakte, og alt det er nyttelaust i dette høvet; men eg smiler no til han, det skal hjelpe ifølgje råda for å skape eit godt inntrykk på eit jobbintervju. Eg smiler, men utan å overdrive, elles ville eg verka nervøs. Tanngarden min er kvit og smilet mitt vann ein konkurranse tannlegen min arrangerte ein gong. I premie fekk eg tjue tubar tannkrem og fluortablettar.

Intervjuaren smiler til meg òg, og no er eg medviten om at eg må bruke andre kroppsdelar for å skape eit godt inntrykk, men eg har framleis høgrehanda i jakkelomma når tida er inne for å

handhelse. No kan eg gjere to ting: Viss eg helsar på intervjuaren med venstrehandta utan å ta høgrehandta ut or lomma, kjem han til å tru at eg er rar, og at eg skjuler noko. Men det kan også hende at han registrerer at eg er arrogant, sidan eg forventar at han også skal bruke venstrehandta for å helse på meg, for det å handhelse er ei universell handling ein gjer med høgrehandta. Det andre eg kunne gjort, er å ta høgrehandta forsiktig ut or lomma og strekkje fram den lunkne og fuktige handta med smittestoff frå ein fugl som kanskje alt er daud, og risikere å la mjuke, men synlege gule fjører liggje att i handta hans, og det veit eg ikkje korleis ville sett ut for imaget mitt som kandidat til stillinga. Eg endar med å gi han eit fast handtrykk med høgrehandta, noko som ser ut til å gi meg ei stjerne i margen, sjølv om eg har gjort handta hans fuktig av bakteriar og slev frå katten min, lo frå kjøkenpapir, småhår og kanskje fugleblod.

Intervjuaren snakkar medan han stirer på cv-en min som ligg spreidd ut over skrivebordet. Kanskje han ikkje bryr seg om at eg har på meg ytterklede fordi han har ein tic eller noko, men han sperrar opp auga og hevar bryna medan han snakkar til meg, og han kan sikkert sjå meg lagvis og er nok fullt klar over kva farge eg har på behåen.

For at han ikkje skal sende meg det blikket sjåføren sende meg før på dagen fordi eg berre gøynde den eine handta i lomma, gøymer eg begge to. Han kjem til å tenkje at eg er blyg og redd, men mina hans endrar seg ikkje, han snakkar framleis og sperrar opp auga og hevar bryna som registrerte han alt med undring, og på same tid med likesæle.

«Det er veldig kaldt i dag», seier eg.

Det er sant. Kommentaren min er ærleg og ikkje meiningslaus, for eg kjem med han når vi tek ein pause og han tilbyr meg kaffi.

Når han kjem attende med kaffien, ventar eg til han tek den første slurken. Han lagar lydar når han svelgjer, og så trekkjer

han pusten. Eg har ei kjensle av at han har brent seg i ganen, for no sperrar han ikkje opp auga så mykje lenger.

«Eg ser at du er godt kvalifisert og verkar klar til å overta ansvaret for stillinga. Eg stolar på at du i denne stillinga kjem til å handtere prosjekta med varsemd, og at du skil mellom dei. Vi ser etter ein person som er påpasseleg og medviten om at kulturbudsjettet er redusert i år.»

Etter det han nettopp har sagt, reknar eg med at eg har fått jobben. Eg blir rørt og knyter nevene i lommene. Så nyttar eg høgrehanda til å drikke kaffi og held fram med ritualet du-tek-ein-slurk-og-så-tek-eg-ein.

Handa mi blir varm i kontakt med koppen, difor stikk eg henne inn att i rugekassen for fuglar, og då er det eg kjenner at noko rører på seg: Fuglen har kvikna til att og vil truleg flyge av garde akkurat då intervjuet ser ut til å bikke i min favør.

«Eg har berre eitt spørsmål til», seier sakshandsamaren. «Kvifor meiner du eg bør tilsetje deg?»

«Fordi eg er flink til å bere med meg andre liv.»

«Kva meiner du?»

«Kulturelt sett, altså. Høyr her: Viss eg hadde fått i oppdrag å arrangere filharmonisk veke, måtte eg bere fram døde klassikarar som samstundes er i live. Chopin er til dømes i live, og det veit du. Så kjem slike som Argerich, og Chopin som var død, livnar til att og flyg rundt i konsertsalen. For å jobbe med slike prosjekt er det dessutan naudsynt å bere med seg liva til kvar og ein av dei som er med i orkesteret, kora, dirigentane ... Alle ber på eit liv i tillegg til instrumenta sine.»

«Eg skjønar. Kan du forklare meg korleis du bar liv i arbeidssamanheng i den førre jobben du hadde?»

Og det som skjer no, er at eg ikkje får forklart han noko, for eg kjenner faste vengjeslag som nesten opnar handa mi. Så eg tek fuglen ut av lomma, pakkar opp papiret og set han oppå cv-en

min som ligg spreidd utover skrivebordet. Fuglen er skada. Det er ein blodflekk på papiret han var pakka inn i, men han er i live.

Han spankulerer rundt på cv-en min, på språka eg beherskar, brått drit han på arbeidserfaringa mi og byrjar å kjenne meg att. Han set seg på dei personlege opplysningane mine og blir verande i ro. Eg tek han forsiktig opp og sjekkar vengjene, brettar dei ut – først den eine, så den andre; dei er veldig skjøre, men dei er intakte.

«Det er ei kjøtmeis, som du ser. Akkurat før eg kom hit, tok eg henne med meg døyande heimanfrå, og gjennom heile intervjuet har eg tenkt på denne stillinga som er så viktig for karrieren min, på dei døde klassikarane som eg må bere fram, på dei levande eg også må ta imot og leggje til rette for, men eg har òg tenkt på livet til denne vesle fuglen. Med dette prøver eg å seie at ein annan kvalifikasjon som gjer meg skikka for stillinga, er å bevare roa og å kunne arbeide under press.»

Fuglen skjønar at han lever. Han trippar rundt på skrivebordet og kjem seg på vengjene. Han flyg rundt på kontora i kommuneadministrasjonen, inn i pc-skjermene, drit på budsjetta som kjem ut or skrivaren, set seg på toppen av arkivskapa og ser ut til å halde oppsyn med heile kommuneforvaltninga med den overlegne haldninga berre ein fargerik overlevande kan ha. Han ventar nokre sekund og flyg av garde att. Alle byråkratane kikkar på han frå båsane sine, dei snurrar rundt på dei ergonomiske stolane, men ingen reiser seg. Dei fleste blir sitjande stille og, med eit svakt smil, følgje beundrande med på korleis fuglen flyg rundt, medan andre blir irriterte og festar blikka på pc-skjermene att og beskyttar hovudet og andletet med A4-ark.

Intervjuaren og eg skjønar at tida er inne for å opne vindauga på vidt gap.

Den vesle fuglen kjenner den iskalde februarlufta som siv inn på kontora, og så finn han vegen til fridom. Frå kopimaskina

kjem han seg på vengjene og fyk ut eitt av vindauga som eit blaff. Det er blitt kaldt inne i lokalet, alt blir som før, og eg går òg inn på kontoret att, for å drikke opp kaffien og avslutte intervjuet.

Intervjuaren tek avskil, denne gongen utan å ta meg i handa. Dette burde ikkje ha noko å seie, for det er typisk for nordmenn å unngå fysisk kontakt når dei helsar eller seier farvel. Han byrjar å sperre opp auga og heve bryna att. Han seier at han skal ringje meg, og eg trur på han. Eg smiler.

Medan eg går heim att, ser eg mange ulike fuglar, men eg leitar etter den som var saman med meg på intervjuet. Eg vil så gjerne takke han. Stundom er det ein fordel å drasse rundt på dyr som held på å døy, ha hendene i lommene og aldri ta av seg ytterklede.